# ÅRSMELDING

Starta med årsmøte hjå Laila 14. januar. 36 medl. møtte. Etter årsmøtet møtte fleire feststemte medlemmer opp, og tok seg ein svingom etter musikk av Dolaspretten.

Kompekurs første helga i april, på Solvang kafe & pensjonat. 7 deltakarar frå Sogn møtte. Einar, Reidun & Else-Marie sytte for at deltakarane hadde musikk å kompe etter.

Fylkeskappleiken. Vi må enno ein gong takke for all velvilig dugnadsarbeid som vart gjennomført både før, under og etter kappleiken. Heile bygda stødde opp. Først på basaren vi arrangerte for å få inn pengar til premiar, deretter på arrangementet. Tusen takk. Vi

Vi har hatt ein fredagsdans. Terje Drage, troppa inn og spelte, sidan laget var opptekne 17 mai. dansegruppa underheldt og nybyrjar gruppa på fele opptredde.

Reidun & Else-Marie var til Oslo. Ulike komunar i Sogn slo seg saman og reiste til Oslo for å markedsføre oss. I den anledning spelte Reidun & Else-Marie.

På ein konferanse for studiesamskipnaden i fylket. Reidun & Else-Marie underheldt

Landskappleik i Trysil. Morten Vigdal gjorde ein framifrå innsats, og fekk 2. plass i C-klassen, 1 poeng frå vinnaren. Elles deltok Sigrun, Lars & Jorunn

Gammaldansfestival på Fagernes. Mange Jostedaler var med. Vi leigde oss hytter på Leira. Det var spel og dans døgnet rundt. Laget deltok også i tevlinga.
Vestlandskappleik i Førde, Også her viste Jostedølene at dei kan danse. Ann Kristin og Morten vann C-klassen, 2 plass til Randi Fossøy m/fylgje - Gratulere. Dansegruppa deltok også i gruppedans senior.
2 sept. kom Ulens og spelte til dans i samf. huset. Det vart god dansemusikk for dei som møtte.
Skuleafest for skuleelevar & lærarar, som honnør for hjelp og lån av lokale. Elevane sytte sjølve for program, laget for servering. Dala-spretten spelte til dans.
Skuleafest, alle som stilte opp med dugnads-arbeid før, under & etter kappleiken vart invitert. Laila stod for servering. Skjolden g.d.o. & Nina & Arve's spelte til dans.
Jubileumsfest Sogn Spel & d.lag. Laget spelte saman med dei til dans. Dagen etter under-heldt nokre av dansarane m/springar.
Reidun, Jorle & Jan-Ove spelte til dans under 60-årsjubileet til Sogn Samvirkelag
35-årsjubileumsfesten vår, Laget høgtidar 10 & 35 årsjubileum. ~~åt føre~~ Vi hadde allsidig program - servering & dans. Sjur Hesjevoll & Anna Kroken utnevnte som æresmedl.
I meldingsåret har styret hatt 7 styremøter, og laget har hatt 67 medlemmer

Tilegg til årsmelding. 1989.

Jostedal spel og dansarlag har i 1989 delteke på alle arrangement i Bygdelaget sin regi, der pengane har gått til div. investeringar i bygdi. Som t.d. piano, sceneteppe m.m. til Samfunnshuset. Spelemannslaget har delteke med underholdning + gratis musikk til dans for å få mest mogeleg til prosjekti.

<u>Fylkeskappleiken:</u>
Dette var eit svært stort arrangement, som krevde mykje arbeid både for og under kappleiken. Bygde folki stilte 100% opp. men mykje fall sjølvsagt på laget. Arrangementet var rekordstort. med ca 400 deltakarar og svært mykje publikum. Og det var svært vellykka. Og for første gong stilte laget med deltakarar i juniorklassen for lagdans.

Det kjem heller ikkje fram av årsmeldingen at spelemennene har hatt faste øvingar.
Det var og gamaldans/Springarkurs for born/ungdom i 1989.
Laget hadde to utsendingar til årsmøtet i Landslaget for spelemenn og to til årsmøtet i S. og Fj. Folkemusikklag.

Kåre Fossøy i er frå 1989 medlem av styret i SFF.

Harald Hesjevoll

# ARBEIDSPLAN

Vi vil fortsette med dansekursa. Og
kanskje også polskurs-swingkurs
kunne vore aktuelt å arrangere.
Vi håpar på eit felekurs til våren
med Håkon Høgemo.
Også eitpar fredagsdansar vil vi
prøve å få til att.
Ulike kappleikar og festivalar blir
arrangerte rundt om i landet, så
dei som ynskjer, har mykje å øve til.
Kustratrett blir avvikla på Skjolden
10 mars. Så vi håpar at laget kan
spele der. Einar vil også fortsette
med kurset for „nybyrjargruppa".